

Reglar og gjennomføring for 4. og 5. divisjon sesongen 2024/2025

Det er 3 spelarar på kvart lag, vert spela alle mot alle + dobbel til slutt.

Alle 10 kampane skal spelast i kvar lagkamp. Alle lagkampsskjema må fyllast ut med tydelige navn og det er ikkje nok med fornavn, det skal skrivast fullt navn.

Dette gjelder også i dobbel.

Etter 6 kampar i lagkampen, er det lov å byta ut ein eller to spelarar på laget. Du kan også setja inn nye spelarar i dobbelkampen.

Dersom ein klubb har fleire lag i 4.divisjon eller i 5. divisjon kan spelarar kun spela på eit av laga gjennom heile serien. Kan altså ikkje spela på fleire lag i samme divisjon.

Ved skifte av lag mellom 4. divisjon/5. divisjon og lag i 3. divisjon eller høgare gjelder disse reglane:

Dersom du har spelt kamp for eit lag i 3. divisjon eller høgare og skal gå ned og spela 4. divisjon/5. divisjon må du stå over to kampar både i høgare divisjon og 4.divisjon/5. divisjon før du får spela. Dersom du har spelt 5 kampar eller meir for eit lag i ein høgare divisjon kan du ikkje gå ned og spela 4. divisjon/5. divisjon. Dette gjelder også mellom 4. og 5. divisjon.

Spelarar som har 1500 poeng eller mindre kan gå fritt opp og ned mellom 4. divisjon og forbundsserien, det vil sei 3. divisjon og høgare divisjonar utan karantene. Spelarar som har 1200 poeng eller mindre kan gå fritt mellom 5.divisjon og høgare serie utan karantene. Begge disse reglane gjelder uansett kor mange lagkampar ein har spel i den høgaste divisjonen.

Her er det viktig å presisera at ein må følgja nøye med når ein person ligg i grenseland til å gå over 1500 eller 1200 poeng.

Dersom noken brukar ein spelar som ikkje er speleberettiga blir lagkampen tapt med 0-10.

Presisering av reglane for denne sesongen.

Det er rankingsum for når(dato) du går opp og spelar for eit lag i ein høgare divisjon som gjelder. På denne måten risikerer ein ikkje at ein blir henta opp ein divisjon på slutten av ein månad, og så går du over grensa på ny ranking neste månad. Dette har altså då ingenting å bety så lenge du går rett ned til den divisjonen du var i på neste kamp. Eksempel: Du har 1477 poeng og spelar i 4. divisjon, og laget i 2. eller 3 div manglar ein spelar og du blir bedt om å spela for dei. Det har då ingenting å sei om du går over 1500 poeng på neste ranking, så lenge du ikkje fortsetter å spela i den høgare divisjonen etter den 1. i neste månad, men går rett ned til laget i 4. divisjon.

Det samme er det mellom 5. div og høgare divisjonar. Er du usikker på dette så spør Martin eller meg (Atle) før du tar valget om å bli med på den høgare divisjonen.

Dersom noken ønskjer å utsetja kampar skal dette avklares med kontaktperson for avdelingen. Det bør vera gode grunnar for å utsetja kampar, det er ikkje nok at ein av dei tre beste på laget ikkje kan spela. Ein må rekna med å kanskje bruka 4-6 spelarar i løpet av serien, dette er heilt vanlig. Og husk at ei kan henta opp spelarar frå 5 divisjon om ein har lag der.

Dersom ein ønskjer å spela ein kamp tidligere enn oppsett terminliste kan dette avtalast internt mellom klubbane.

I nødstilfelle er det også lov å spela lagkampen med kun to spelarar, ein startar då med 0-3 i lagkampen.

Når me kjem ut i starten på mars og da eventuelt er hengekampar, må me bli litt strengere og kanskje setja fristar, me håpar å unngå dette. Målet er at serien skal vera ferdig til 1. april.

Alle lagkampsskjema må fyllast ut med tydelige navn og det er ikkje nok med fornavn, det skal skrivast fullt navn. Dette gjelder også i dobbel.

Opp/nedrykk

Vinnarlaget i 4. divisjon rykker opp til 3. divisjon. Dei to dårligaste rykker ned til 5. divisjon. Dei to beste laga i 5. divisjon (evt. etter sluttspel om det to avdelingar) rykker opp til 4. divisjon.

NB ! skal du spela i sluttspellet må du ha spelt i innleiande serie.

Resultat frå kampane må sendast inn så snart som mulig til kontaktperson

Om ein lurar på noko så ta kontakt

.

Martin Garvik kontaktperson 5 divisjon sør/sør

martin.garvik@gmail.com 99436133

Atle Irgens kontaktperson 4. divisjon og 5. divisjon midt

atle.irgens@sklbb.no 99725051

